



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 976 726 413
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA GULEN FISKARBONDEMUSEUM
Forretningsadresse: 5970 BYRKNESØY

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Normann Grimen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 25.03.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 12.05.2026



Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|------|----------------|----------------|
| RESULTATREKNESKAP | | | |
| Inntekter | | | |
| Salsinntekter | | 138 179 | 112 301 |
| Sum inntekter | | 138 179 | 112 301 |
| Kostnader | | | |
| Varekostnad | | 30 146 | 4 705 |
| Lønnskostnad | 1 | 38 636 | 33 517 |
| Annan driftskostnad | | 43 413 | 26 608 |
| Sum kostnader | | 112 195 | 64 831 |
| Driftsresultat | | 25 984 | 47 470 |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Anna renteinntekt | | 7 247 | 3 937 |
| Sum finansinntekter | | 7 247 | 3 937 |
| Annan rentekostnad | | 2 | 0 |
| Sum finanskostnader | | 2 | 0 |
| Netto finans | | 7 245 | 3 937 |
| Resultat før skattekostnad | | 33 229 | 51 407 |
| Årsresultat | | 33 229 | 51 407 |



Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|------|----------------|----------------|
| BALANSE - EIGEDELAR | | | |
| Anleggsmiddel | | | |
| Immaterielle egedelar | | | |
| Sum anleggsmiddel | | 0 | 0 |
| Omløpsmiddel | | | |
| Varer | | | |
| Krav | | | |
| Kundekrav | | 18 905 | 905 |
| Sum krav | | 18 905 | 905 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | | |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 380 397 | 365 941 |
| Sum bankinnskot, kontantar og liknande | | 380 397 | 365 941 |
| Sum omløpsmiddel | | 399 302 | 366 846 |
| SUM EIGEDELAR | | 399 302 | 366 846 |
| BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| Eigenkapital | | | |
| Innskoten eigenkapital | | | |
| Opptent eigenkapital | | | |
| Annan eigenkapital | | 388 807 | 355 578 |
| Sum opptent eigenkapital | | 388 807 | 355 578 |
| Sum eigenkapital | | 388 807 | 355 578 |
| Sum langsiktig gjeld | | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | | | |



Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|----------------------------------|-------------|----------------|----------------|
| Leverandørgjeld | | 4 282 | 3 961 |
| Skuldige offentlige avgifter | | 2 455 | 3 978 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 3 758 | 3 330 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 10 495 | 11 268 |
| | | | |
| Sum gjeld | | 10 495 | 11 268 |
| | | | |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 399 302 | 366 846 |



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2025 382976

Enheten

Organisasjonsnummer: 976 726 413
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA GULEN FISKARBONDEMUSEUM
5970 BYRKNESØY

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Normann Grimen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 25.03.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 10.05.2025



Organisasjonsnr: 976 726 413
STIFTINGA GULEN FISKARBONDEMUSEUM

RESULTATREGNSKAP

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|-------------|----------------|----------------|
| RESULTATREKNESKAP | | | |
| Inntekter | | | |
| Salsinntekter | | 138 179 | 112 301 |
| Sum inntekter | | 138 179 | 112 301 |
| Kostnader | | | |
| Varekostnad | | 30 146 | 4 705 |
| Lønnskostnad | 1 | 38 636 | 33 517 |
| Annan driftskostnad | | 43 413 | 26 608 |
| Sum kostnader | | 112 195 | 64 831 |
| Driftsresultat | | 25 984 | 47 470 |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Anna renteinntekt | | 7 247 | 3 937 |
| Sum finansinntekter | | 7 247 | 3 937 |
| Annan rentekostnad | | 2 | 0 |
| Sum finanskostnader | | 2 | 0 |
| Netto finans | | 7 245 | 3 937 |
| Resultat før skattekostnad | | 33 229 | 51 407 |
| Årsresultat | | 33 229 | 51 407 |



Organisasjonsnr: 976 726 413
STIFTINGA GULEN FISKARBONDEMUSEUM

BALANSE

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|--|------|----------------|----------------|
| BALANSE - EIGEDELAR | | | |
| Anleggsmiddel | | | |
| Innmaterielle egedelar | | | |
| Sum anleggsmiddel | | 0 | 0 |
| Omløpsmiddel | | | |
| Varer | | | |
| Krav | | | |
| Kundekrav | | 18 905 | 905 |
| Sum krav | | 18 905 | 905 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | | |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 380 397 | 365 941 |
| Sum bankinnskot, kontantar og liknande | | 380 397 | 365 941 |
| Sum omløpsmiddel | | 399 302 | 366 846 |
| SUM EIGEDELAR | | 399 302 | 366 846 |
| BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| Eigenkapital | | | |
| Innskoten eigenkapital | | | |
| Opptent eigenkapital | | | |
| Annan eigenkapital | | 388 807 | 355 578 |
| Sum opptent eigenkapital | | 388 807 | 355 578 |
| Sum eigenkapital | | 388 807 | 355 578 |
| Sum langsiktig gjeld | | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 4 282 | 3 961 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 2 455 | 3 978 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 3 758 | 3 330 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 10 495 | 11 268 |
| Sum gjeld | | 10 495 | 11 268 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 399 302 | 366 846 |





Organisasjonsnr: 976 726 413
STIFTINGA GULEN FISKARBONDEMUSEUM

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapslovens bestemmelser og god regnskapsskikk for små foretak. ** Klassifisering ** Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer med forfall mer enn ett år etter balansedagen er medtatt som anleggsmidler. Gjeld som forfaller senere enn ett år etter balansedagen er oppført som langsiktig gjeld. ** Varige driftsmidler ** Varige driftsmidler er vurdert til anskaffelseskost etter fradrag for bedriftsøkonomiske avskrivninger som er beregnet på grunnlag av kostpris og antatt levetid. ** Aksjer ** Omløpsaksjer er vurdert til markedsverdi på balansedagen. Andre aksjer er oppført i regnskapet til kostpris. I de tilfeller der den virkelige verdien er lavere enn kostprisen og dette ikke er forbigående, er det foretatt nedskrivning. ** Fordringer ** Kundefordringer og andre fordringer er oppført til pålydende etter fradrag for konstaterte og forventede tap. ** Skatter ** Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbar skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet på grunnlag av midlertidige forskjeller mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier, samt eventuelt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Utsatt skatt er avsatt som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsatt skattefordel overstiger utsatt skatt, er utsatt skattefordel tatt med i balansen iht. god regnskapsskikk. ** Driftsinntekter og kostnader ** Inntektsføring følger opptjeningsprinsippet, som normalt vil følge leveringstidspunktet for varer og tjenester. Kostnader er tatt med etter sammenstillingsprinsippet, det vil si at kostnadene er tatt med i samme periode som tilhørende inntekter.

Note

1

Tal på årsverk i rekneskapsåret
0.00

| <u>Sum</u> | <u>Beløp</u> |
|--------------------------|--|
| Balanseført verdi 31.12. | Varige driftsmiddel Immaterielle eigned. |

Konsernrekneskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet



- *Vestlandsk fiskarbondetun frå 1800-talet*
 - *Samling av historiske gjenstandar og skrifter*
 - *Stifting sidan 1995*
- telefon: 97783701
konto: 3705 05 96584
E-mail: post@gulenfiskarbondemuseum.no
Organisasjonsnr. 976726413

ÅRSMELDING 2024 GULEN FISKARBONDEMUSEUM.

Fiskarbondeprojekt og sesongåpning for museet.
Ungdomsskule-elevane på Byrknes skule hadde fiskarbondeprojekt torsdag, 13.06. og fredag, 14.06. Arbeidet dei utførte var bl a slåttearbeid, baking, fiskeing og sløyging.
Laurdag, 15.06. vart det Fiskarbondedag med matserving og masse gjester.

Årets sesong varte frå 15.06. til laurdag 31.8.

Opningstida har vore kvar laurdag frå 14.00 til 17.00.

Styret har avvikla 5 styremøter 33 saker er handsama.

Før sesongstart

Vi hadde dugnad på museet 13.-15. mai med reingjering og rydding ute og inne. Plakat for sesongen vart laga av Sunniva etter mal frå tidlegare år.

Saker vi elles har arbeida med:

- Infopoldaren for Ytre Gulen
- Fiskarbondeprojektet i samarbeid med Byrknes Skule.
- Omvising
- Sesongslutt 31.8.
- 3.9. Besøk frå Gulen kommune, introduksjonsprogram for vaksne flyktningar
- Hausttreff saman med Ytre Gulen Sanitetslag
- Representanter i styret frå Gulen Kommune
- Nye utstillingar, rydde eldhuset og sjøbu, hyller på loftet
- Nytt hefte

Nærare om ein del av desse punkta:

Info-brosjyre om Ytre Gulen blei delt ut i alle postkassar her, og distribuert rundt til butikkar, bedrifter og andre stadar der folk ferdast. Info-brosjyra er ei viktig inntektskjelde for museet.



Reiselivsmøte på Bjørn West 14.2.

Mykje god informasjon frå VisitBergen som ønsker inkludere Nordhordland-kommunane og Gulen kommune innunder VisitBergen-paraplyen. Dessutan må turisttrykket i Bergen sentrum lettast ved å få turistane ut av bykjerna. For turistane vil Bergen også vere områda rundt byen. Fleire bedrifter frå Gulen presenterte seg bl a Sognefjord Ferie (på Hjartholm) og Eivindvik Brygge.

Det var spesielt nevnt at vi i kommunen ikkje visste om kvarandre.

I ettertid har Tone sendt informasjon om tilboda i ytre Gulen både til Sognefjord Ferie og Eivindvik Brygge – utan respons.

Fiskarbondeprojektet 15.06.

Tone ønska velkomen. Gro Birknes hadde salsutstilling av rekved og lappeteknikk. Erna fortalte om våre planlagte utstillingar. «Mott i Brøstet» spelte for oss.

Omvising.

I år fekk vi Torje Areklett til å vere omvisar. Fleire av barnebarna til Erna var også omvisarar. Resterande vakter tok Terje, Bjørn og Tone. Inngang: kr 100,-.

Nye utstillingar, rydding, arbeid ute

Erna har saman med sine barnebarn rydda eldhuset og fått opp ei utstilling der. Dei har også flytta store delar av utstillinga frå 2. høgda i sjøbua ned til første slik at den er meir tilgjengeleg for alle.

Nye hyller er satt opp i 2. etasje i våningshuset, og garderobeløysing for klede.

Einar Noremark har gitt mange og verdifulle reiskaper til museet. Han har også fortalt om bruken av desse. Det er laga videoer av han og reiskapene. Desse kan brukast til undervisning. Arbeidet framover blir å katalogisere reiskapene og gi dei ein plass i museet.

Normann har holdt på med grøftegraving for å utbedre stykket der hesja pleier stå. Han vil også la to sauer med «no fence» gå på eiegenomen heile neste sommar for å halde graset nede.

Sesongslutt 31.08.

Det vart nokre veldig kjekke timar i museumsstova. Me hadde, etterkvart, 15 gjestar. Dei fleste kom tidleg og var lenge. Det gjekk unna med vaflar og platekake, og det måtte hentast ned fleire stolar frå lemman. Praten gjekk livleg om gamle dagar og barndoms-minner, og me slo opp i både bygdeboka og dei historiske hefta våre. Til slutt trekte me lodboka.

Besøk frå introduksjonsprogrammet for vaksne flyktningar 03.09.

Saman med Ytre Gulen Sanitetsforening ønska vi velkomen til flyktningane i kommunen. Dei var ca 30 stykk. Dei fekk omvisning på museet og mat i sjøbua etterpå.

Veg

Vi fekk besøk av Reigstad frå kommunen for å sjå på vegforslag. Vegen vi no går for ligg ved parkeringsplassen i Barvågen og opp mot museet langs murkanten nedst på eiegenomen. Vi må inn på to naboeigedomar for å få dette til. Reigstad hjelper oss vidare.

Nytt hefte

Hefte nr 6, Å vere tenestejente, vart klart på hausten. Vi fekk trykt opp 400 eksemplarer. Salet har gått jamt og trutt.



Hausttreff 5.11.

Også i år samarbeidde museet med Ytre Gulen Sanitetslag om å samle dei eldste. I år var temaet tradisjonsmat. Råmjølkspudding, natronkaker, blodpudding og mjølkekaker var mellom godsakene gjestene fekk eit hyggeleg gjensyn med. Årets hefte blei presentert og salet gjekk godt.

Representant i styre frå Gulen kommune

I haust fekk vi representantar frå kommunen til styret i Fiskarbondemuseet. Rune Håvåg er vår representant, med Andrine Tistel Sleire som vara for han.

Vennelaget

Vi fekk 94 venner i 2024. Pris per venn er kr 101,-. (Eit par betalte to gonger, men lot oss beholde pengane). Summen er slik for at den skal vere lett å kjenne igjen i vippsrapporten.

Gulen kommune

Vi har fått kulturmidlar frå Gulen kommune på kr 5000,- til Fiskarbondeprojektet. Kommunen kjøpte inn 50 stk av det nye heftet, 20 av Fiskarbondeliv og 20 av Me måtte på sjøen.

Vi har fått driftsmidlar for 2023 og 2024, totalt kr 30 000,-

Andre inntekter:

Heftesal kr 39 848,-

Museumsbesøk kr 13 200,-

Infofaldaren ga ei inntekt på kr 18 950,-

Loddboka kr 15 400,-

I tillegg fekk vi inn kr 5 140,28,- i Grasrotmidlar.

Styret har i 2024 vore samansett slik:

- Tone Unneland, styreleiar
- Torill Birknes, nestleiar
- Erene Wilberg, styremedlem
- Arne-Jakob Areklett, styremedlem
- Rune Håvåg, kommunen sin representant (haust -24)
- Vara: Erna Osland, Terje Nikøy og Toralf Moan Teigen
- Vara kommunens representant: Andrine Sleire Tistel (haust -24)
- Tone Unneland, dagleg leiar

Rekneskapen blir ført av Normann Grimen. Den blir revidert av Vestland Revisjon KO, Førde. (Kommunerevisjonen)

Innleigd museumshandverkar er Arne-Jakob Areklett.

Nærare informasjon om økonomiske disposisjonar vil ein finne i rekneskapen.



Verksemda si art og lokalisering

Stiftinga "Gulen Fiskarbøndemuseum" driv museumsarbeid, samlar inn historiske gjenstandar og skrifter, arrangerer ymse kulturarrangement og samarbeider med Byrknes skule om formidling av lokalhistoria vår. Me har ope museum med omvising i sommarmånadane, juni, juli og august.

Stiftinga er lokalisert til Barvågen på Byrknesøy i Gulen kommune.
Besøksadresse er: Søre Garden 17.

Rettvisande bilete. Årsrekneskapen gjev etter styret si meining ei rett oversikt av utviklinga og resultatet til stiftinga. Den viser og korleis den økonomiske stoda til stiftinga er.

Fortsatt drift

Ein meiner føresetnadane for framleis drift føreligg. Årsrekneskapen for 2024 er sett opp under denne føresetnaden.

Arbeidsmiljø

Det har i 2024 ikkje vore sjukemelding blant selskapet sine tilsette. Det er styret si oppfatning at arbeidsmiljø og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.

I år 2024 har det ikkje vore arbeidsulykker eller skadar.

Ytre miljø

Ein er ikkje kjend med at selskapet påverkar det ytre miljø negativt.

Ånneland, 04.03.2025

Tone Unneland

-styreleiar -



Stiftinga Gulen Fiskarbondemuseum Notar til Rekneskap 2024

Note 0 :Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Note 1: Stiftinga Gulen Fiskarbondemuseum

Stiftinga Gulen Fiskarbondemuseum er ei ikkje -næringsdrivande, sjøleigande stifting.

Stiftinga har difor ikkje skatteplikt.

Føremålet er å samle historiske gjenstander og skrifter, samt gjennomføre kulturmønstring o.a.

Note 2 : Lønskostnad, tal tilsette, lån til tilsette, m.m.

Lønskostnader

| | 2023 | 2024 |
|---------------------|-------|-------|
| Løn og feriepengar | 30305 | 34933 |
| Arbeidsgjevaravgift | 3212 | 3703 |
| Sum | 33517 | 38636 |

Det har vore 1 tilsett i 2023 med 10 % stilling i 12 månader. Det har elles vore innleigd tilfeldig arbeids-/ dugnadshjelp gjennom året.

Det er ikkje betalt honorar til styret.

Spesifikasjon av kostnad til revisor.

Honorar revisjon 13250,00 kr



Signing Information Page 1/1

Revisjonsmelding årsrekneskapen 2024 - Gulen Fiskarbondemuseum.pdf

| Name | Signed with | Signed at |
|---------------|--------------------|---------------------|
| Tveit, Asgeir | BANKID | 2025-04-11 12:15:54 |



This document is electronically sealed and contains electronic signatures



VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no
www.vestlandrevisjon.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Til stiftinga Gulen Fiskarbondemuseum

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|--------------|-----------|------------|-------------|---------------|
| | | | 071/2025 | 11.04.2025 |

MELDING FRÅ REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for stiftinga som syner eit overskot på kr 33 229,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår vurdering er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga, datert 04.03.2025, og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og



Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til halde fram drifta og opplyse om forhold av betydning for å halde fram drifta. Føresetnaden om å halde fram drifta skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, anten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsatt drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knyta til hendingar eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, krev det at vi i revisjonsmeldinga har merksemd på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer vår konklusjon. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller forhold kan likevel medføre at stiftinga ikkje held fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med styret, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.



Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, føremålet til stiftinga og vedtektene elles.

Asgeir Tveit

Statsautorisert revisor/Dagleg leiar

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap